

Volda, 13.01.20

## **Campusutviklingsplan HVO - innsatsområder**

Arbeidsutvalet i Studentparlamentet sine innspel til innspelsrunde januar 2020

### **Innsatsområde 1 - Samankopla, kompakt og heilskapleg campus**

Studentparlamentet ivrar for å vidareutvikle første etasje på BK. Dette vil ein kunne gjere ved å bygge om kantina, biblioteket og flytte klasserom i første etasje opp i andre etasje. Ved å flytte opp klasserom ville ein kunne frigi rom slik at ein kunne gitt meir plass til viktige aktørar på høgskulen for studentane og skape fleire sosiale møteplassar.

Det manglar ein kaffibar på campus. Ein bør setje av område til dette på BK og gjerne også i kjellaren på Kårstad slik at studentar vert verande på campus på kveldstid. Dei andre bygga treng gode kaffiautomatar og matstasjonar.

Merkinga må bli betre på campus. Kaffiautomatar, toalett, ammerom, garderober osv. Har dårleg/skjult merking og ikkje plassert godt nok i dag.

Idrettsbygget har eit stort potensial for betre utnytting. Dette gjeld både for kjellaren med klasserom og inngangspartiet i andre etasje. Per dags dato held studentorganisasjonar til i enden av kjellaren der det er klasserom. Dette fører til at dei vert skjult. Eit mulig forslag er å gjere desse roma om til undervisningsrom og flytte organisasjonene over til Nedretun som i dag er kontor. Hadde ein kunne gjort dette ville ein ha gjort studentorganisasjonene meir synlege og bidra til eit betre samarbeid mellom dei.

Vi ønskjer ei grønare ferd gjennom campus. Det trengst tak over eksisterande sykkeparkering. I tillegg bør det byggjast nye og synlege parkeringar for sykklar framom Kårstad og ved Idrettsbygget. Ei mogleg løysing på gangpassasjar, er å gjere det mogleg å gå på baksida av BK og nytte dette betre som uteområde.

### **Innsatsområde 2 - Sterke avdelingar og identitet som viser fagfelta**

Enig i forslagene lagt fram her. Viktig med tydeleg kjerne i BK med fellesfunksjonar saman med tydelege faglege baseareal for alle studieprogram og sosiale soner som innbyr til å bli verande på campus. Tilhøyre til studie/fagmiljø og tilgang på mat/drikke og trivelege møteplassar er avgjerande for at studentane blir verandre på campus utover ettermiddag/kveld.

### **Innsatsområde 3 - Arealoptimalisering**

Her har vi ikkje noko å kommentere.

### **Innsatsområde 4 - Tilrettelegge for studentaktiv læring**

Enig i forslag lagt fram her, ikkje noko å tilføye.

### **Innsastomeråde 5 - samhandling og sambruk**

Den nye campusplanen bør i stor grad ha fokus på å samhandling mellom ulike aktørar, både internt og eksternt. Klarer ein å ha fokus på betre samhandling mellom HVO og eksterne aktørar gjennom blant anna ein kunnskapspark, vil vi kunne ha vining av dette. Praksisplassar hos bedrifter og meir bruk av høgskulen sine areal for samlingar av ulike slag er mulige gevinstar av dette.

Når det kjem til utstillingsareal bør dette vere med i planen. Passasjen mellom nye og gamle Kaarstad har potensiale til å løftast/vidareutviklast, og fellesareal i dei andre bygga kan også i større grad gjerast interessante med rullerandre utstillingar/studentarbeid. Viktig at bygga blir levande og viser aktivitet.

### **Innsatsområde 6 - Lesbarheit og synlegheit**

Vi likar tanken på aktiv førsteetasje i alle bygg. Når det gjeld lesbarheit, kan punktet om betre skilting også passe inn her. Framkomelegheit for alle og gjennomtenkt univiersell utforming er også viktig.

### **Innsatsområde 7 -Møteplassar og attraktive fellesareal**

Enig med eksempel til forslag. I tillegg kan vi nemne nokre punkt.

Fellesareala blir attraktive ved at der er liv og aktivitet. Vi ynskjer at sosiale tilbod til studentar blir meir synlege i BK, anten det er HVO, studentsamskipnaden eller studentorganisasjonar, er det viktig at dei er synlege og tilgjengelege for studentane i det daglege. Arealet må også innby til uformelle sosiale møteplassar, fleire litt avskjerma mindre sitjegrupper og til aktivitet utover på ettermiddag/kveldstid. Ein del studentar ville kanskje hatt utbytte av at det var sosiale eller læring soner soner som var litt meir skjult.

Som nemnt i punkt 1 - kaffibar manglar på campus. Ein bør setje av område til dette på BK og gjerne også i kjellaren på Kårstad slik at studentar vert verande på campus på kveldstid. Ein kaffibar er også ein uformell sosial møteplass som både tilsette og studentar vil ha stor glede av.

Sosiale uteområde: vi ser gjerne at kantina får overbygt terrasse som kan auke bruken av området på nedsida av BK og gi smidig overgang mellom ute og inne. Også på baksida av miljørommet er det mogleg å få god terrasseplass med eller utan overbygg.

### **Innsatsområde 8 - Mobilitet**

Viktige forslag gjort her. Saknar eit større fokus på kollektivtransport. Her råder eit samarbeid med selskapet Fram. Skal vi ha meir bruk av blant anna buss, må ruta fungere. Bussruter som går i Volda er heller ikkje optimale, men dette kjem nok til å endre seg med bygging av tunnelen på E39. Prismessig er det vanskeleg å konkurrere med bil når prisane er så høge som dei er. Men dette er ein prosess HVO og kommuna må ta med selskapet Fram.

### **Innsatsområde 9 - Landskap, uterom og overvatn**

Sjå innspel under innsatsområde 7 om sosiale uteområde. I tillegg kan vi tilføye skulehage. Meir hagepreg og ikkje berre open plen innbyr meir til bruk. Mest mogleg natur i uteområda er eit gode.

Med venleg helsing

Studentparlamentet sitt arbeidsutval  
v/leiar Trym Nikolas Rimmen